# Vedlegg nr. 2
# Alkoholpolitisk plan
2024-2028

Alkoholpolitisk plan 2024-2028 skal på høyring.

Dette notatet syner kva endringar som foreslått i planframlegg for 2024-2028 vs noverande plan.

| DEL 1 – Innleiing/formål | 1 – Føremål |
|---|---|
| Kommunen er gjennom Lov av 2.juni 1989 nr. 27 Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. (Alkohollova) pålagt å utarbeide ein alkoholpolitisk plan. Planen skal vedtakast av kommunestyret ved starten av kvar valperiode og gjelde for 4 år av gongen. Alkohollova gjev kommunane ansvar for tildeling av sals- og skjenkeløyve. Kommunane er pålagt å føre kontroll med sals- og skjenkestadane, og setje i verk sanksjonar ved avvik. All omsetning av alkoholhaldig drikk krev løyve.<br><br>Kommunen skal ivareta helse- og sosialpolitiske omsyn på best mogleg måte, samstundes som det er viktig å ivareta næringspolitiske omsyn. Den alkoholpolitiske planen skal gje rammer for behandling av saker etter alkohollova og gje politikarar, innbyggjarar og næringsdrivande ei oversikt over kva som blir lagt til grunn ved behandling i slike saker.<br><br>Kommunen sine lokale retningslinjer og regulering av sals- og skjenkereglar er viktige verkemiddel for å avgrense alkoholrelaterte skadar.<br><br>**Alkohollova sitt formål:**<br><br>1-1«Reguleringen av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd idette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.»<br><br>**Folkehelselova sitt formål:**<br><br>§ 1 «Formålet med denne loven er å bidra til en samfunnsutvikling som fremmer folkehelse, herunder utjevner sosiale helseforskjeller. Folkehelsearbeidet skal fremme befolkningens helse , triv se l, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade ellerlidelse."<br><br>Loven skal sikre at kommuner, fylkeskommuner og statlige helsemyndigheter setter i verk tiltak og | Alver kommune sin Kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 legg føringar for korleis vi vil utvikle samfunnet, kva vi skal satse på, kva visjonar og mål vi har for framtida – og kva vi må gjere for å kome dit.<br><br>Kommuneplan sine satsingar og føringar er følgt opp i kommunedelplanane:<br>• Kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2023-2034<br>• Kommunedelplan for oppvekst 2023-2034<br>• Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035<br><br>Alver sin kommuneplan samfunnsdel og tilhøyrande kommunedelplanar syner mellom anna føringar med omsyn til eit nærings- og kulturliv som er mangfaldig og konkurransedyktig kombinert med at innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse.<br><br>Alkoholpolitisk plan for Alver kommune 2024-2028 skal bidra til å ivareta føringane i overordna planar.<br><br>Alkohol er eit lovleg rusmiddel, men samstundes ei vare som er strengt regulert. Det er også det rusmiddelet som forårsakar størst og flest belastningar i samfunnet, både i eit individuelt perspektiv og i eit samfunnsperspektiv. Her kan ein mellom anna vise til Nasjonal alkoholstrategi 2021-2025 samt St.Meld. 15 (2022-2023) Folkehelsemeldinga<br><br>Lokal alkoholpolitikk i Alver skal bidra til eit attraktivt og mangfaldig nærings-, reise- og kulturliv med føreseielege og næringsvennlege rammevilkår, samtidig som omsynet til forsvarleg alkoholomsetning og kontroll, god folkehelse og alkoholfrie arenaer blir ivaretatt.<br><br>Alkoholpolitisk plan 2024-2028 må i tillegg sjåast i samanheng med Temaplan Psykisk helse og rusmeistring i Alver kommune. |

| | |
|---|---|
| samordner sin virksomhet i folkehelsearbeidet på en forsvarlig måte.<br><br>Loven skal legge til rette for et langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.» | **2. Lovgrunnlag**<br><br>Alver kommune er gjennom Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. (alkoholloven) - Lovdata pålagt å utarbeide ein alkoholpolitisk plan. Planen skal vedtakast av kommunestyret innan september året etter nytt kommunestyre tiltrer.<br><br>Viser og til<br><br>• Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. (alkoholforskriften) - Lovdata<br>• Alkoholloven med kommentarer - Helsedirektoratet<br>• Lov om folkehelsearbeid (folkehelselova) - føremål<br><br>Den alkoholpolitiske planen gjev rammer for handsaming av saker etter alkohollova og informasjon om kva som blir lagt til grunn ved forvaltning av slike saker. Kommunens alkoholpolitiske plan og regulering av sals- og skjenkereglar er viktige verkemiddel for å avgrense alkoholrelaterte skadar og bidra til god folkehelse. |

| 1. **Delegering** | **Punkt 1 om delegering er endra frå noverande plan, og flytta til punkt 3.** |
|---|---|
| Kommunestyret skal vedta alkoholpolitisk plan - jfr alkohollova § 1-7d<br><br>Kommunestyret delegerer til Utval for helse og omsorg å gjere vedtak om sals- og skjenkeløyve i løyveperioden – alkohollova § 1- 7.<br><br>Kommunestyret delegerer til Utval for Helse og omsorg å vedta inndraging av sals- og skjenkeløyve - alkohollova § 1-8<br><br>Utval for Helse og omsorg er klageorgan for saker delegert til rådmannen.<br><br>Rådmannen er delegert mynde til å ta avgjerd i følgjande saker:<br><br>Godkjenne skifte av styrar og avløysar ved eksisterande sals- og skjenkeløyve (alkohollova § l - 7c ).<br><br>Avgjere søknader om utviding av skjenkearealet for faste løyver for ein enkelt<br><br>anledning (alkohollova § 4-2).<br><br>Avgjere søknader om ambulerande løyve for slutta lag (alkohollova § 4-5).<br><br>Avgjere søknader om alminneleg løyve til ein enkelt anledning og til ein avgrensa periode på 10 dagar (Alkohollova § 1- 6).<br><br>Fatte enkeltvedtak om tildeling av prikkar og om inndraging av løyve ved brot på<br><br>alkohollova. Prikktildeling er regulert i alkoholforskrifta § 10-2 til § 10 -6. | **3. Mynde og delegasjon**<br><br>I alkoholpolitisk plan er mynde og delegasjon som følger:<br><br>a) Kommunestyret skal vedta kommunal alkoholpolitisk plan etter alkohollova § 1-7d.<br><br>b) Utval for levekår har delegert mynde frå kommunestyret til å gjere vedtak om sals- og skjenkeløyve i løyveperioden etter alkohollova § 1-7.<br><br>c)Utval for levekår har delegert mynde frå kommunestyret til å vedta inndraging av sals- og skjenkeløyve etter alkohollova § 1-8.<br><br>Kommunedirektøren er delegert mynde til å ta avgjerd i følgjande saker:<br><br>a) Godkjenne skifte av styrar og avløysar ved eksisterande sals- og skjenkeløyve etter alkohollova § l -7c.<br><br>b) Avgjere søknader om utviding av skjenkearealet for faste løyver for ein enkelt anledning etter alkohollova § 4-2.<br><br>c)Avgjere søknader om ambulerande løyve for slutta lag etter alkohollova § 4-5.<br><br>d)Avgjere søknader løyve til ein enkelt bestemt anledning og til ein avgrensa periode på 10 dagar etter Alkohollova § 1- 6.<br><br>e) Fatta enkeltvedtak om tildeling av prikkar og om inndraging av løyve ved brot på alkohollova og alkoholforskrifta jamfør forskrifta §10-2 til §10- 6.<br><br>Statsforvaltaren er klageinstans for saker etter alkohollova. |

| | |
|---|---|
| **2 Løyveperiodar og løyvetypar**<br><br>Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer (alkohollova § 1- 6) .<br><br>Kommunen kan tildele to hovudtypar løyve for alkoholhaldig drikk: skjenkeløyve og salsløyve. | **4. Løyveperiodar og løyvetypar**<br><br>Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer (alkohollova § 1- 6).<br><br>**Ny!** Faste sals- og skjenkeløyve, samt løyve for ulike enkelthøve vert tildelt av kommunen. Ved vurdering av om det bør tildelast løyve, kan kommunen leggje vekt på totalt tal på sals- og skjenkestader, staden sitt konsept og karakter, plassering, målgruppe, nærmiljøet og lokalmiljøet for øvrig. Det kan også bli lagt vekt på om løyvesøkjar eller personar i tilknyting til verksemda er skikka til å ha løyve jamfør Alkohollova § 1-7a<br><br>**Avsnittet er i ny plan flyttet til punkt 4, etter myde og delegasjon.** |
| **3.Definisjoner**<br><br>a. Ambulerande løyve - løyve til ein enkelt anledning kun for slutta lag / selskap.<br><br>b. Einskild løyve - løyve må vera knytt til ein enkelt bestemt anledning og kan gjevast til eit ope arrangement eller til slutta lag. Løyvet kan også bli gitt for ein avgrensa periode / sesong.<br><br>c. Slutta lag meinar ein at det før skjenkinga startar er danna ein slutta krets av personar, som er samla for eit bestemt formål i eit bestemt lokale. Selskapet er ikkje ope for utanforståande.<br><br>d. Sal: Med sal forstår ein overdraging av alkoholhaldig drikk til forbrukar mot vederlag for drikking utanfor salsstaden.<br><br>e. Skjenking: Med skjenking forstår ein sal av drikking på eit avgrensa og godkjent skjenkeområde.<br><br>f.Alkoholfri drikk: Drikk som inneheld under 0.7 volumprosent alkohol.<br><br>g. Alkoholsvak drikk: Drikk som inneheld frå og med 0.7 til og med 2.5 volumprosent alkohol.<br><br>h. Alkoholhaldig drikk gruppe 1: Drikk som inneheld over 2.5 og høgst 4.7 volumprosent alkohol | **2.1.Definisjoner (punktet er flyttet opp i planen under hovedpunktet lovgrunnlag)**<br><br>**a. Ambulerande løyve**: *Ambulerande løyve kan gis for alkoholhaldig drikk, men berre til sluttede selskap.*<br><br>**b. Einskild løyve:** *løyve må vera knytt til ein enkelt bestemt anledning og kan gjevast til eit ope arrangement eller lukka arrangement. Løyvet kan også bli gitt for ein avgrensa periode/sesong.*<br><br>**c. Slutta lag**: *Med "slutta lag" meinar ein at det allerede, og før skjenkinga startar, er danna ein slutta krets av personar, som er samla for eit bestemt formål i eit bestemt lokale. Selskapet er ikkje ope for utanforståande. F.eks bryllaup, konfirmajon, jubileum og liknande.*<br><br>**d. Sal:** *Med sal forstår ein overdraging av alkoholhaldig drikk til forbrukar mot vederlag for drikking utanfor salsstaden.*<br><br>**e. Skjenking:** *Med skjenking forstår ein sal av drikking på eit avgrensa og godkjent skjenkeområde.* |

| | |
|---|---|
| | **f. Alkoholfri drikk:** *Drikk som inneheld under 0.7 volumprosent alkohol.*<br><br>**g. Alkoholsvak drikk:** *Drikk som inneheld frå og med 0.7 til og med 2.5 volumprosent alkohol.*<br><br>**h. *Alkoholhaldig drikk gruppe 1*:** *Drikk som inneheld over 2.5 og høgst 4.7 volumprosent alkohol* |
| **2.1. Salsløyve**<br><br>Med salsløyve meiner ein sal av alkoholholdig drikk gruppe I i daglegvarebutikk og/eller nettsal. For nettsal må ein ha løyve i den enkelte kommune ein skal levere ut alkoholholdig drikk. Med daglegvareforretningar meiner vi forretningar med følgjande daglegvarer:<br><br>" Som daglegevarer reknast matvarer og andre nærings- og nytingsmidlar, dyremat, vaske- og reingjeringsmidlar, toalettartiklar, hushaldingsvarer av papir, plast, reinse- og reingjeringsmidlar, toalettartiklar, bone-, reinse- og pussemidlar. Forretninga må ha eit matvare-tilbod som er klart breiare enn dei tradisjonelle kioskar"<br><br>Salsløyve for alkoholholdig drikk gruppe 1 kan ikkje bli gitt til bensinstasjonar og kioskar. https://lovdata.no/forskrift/2005-06-08-538/§3-4I spesielle tilfelle kan det bli gjort unnatak frå retningslinjene - dersom det er tenleg ut frå ei heilskaps- vurdering. | **2.1. Salsløyve**<br><br>Med salsløyve meiner ein sal av alkoholholdig drikk gruppe 1 i daglegvarebutikk og/eller nettsal.<br><br>For nettsal må ein ha løyve i den enkelte kommune ein skal levere ut alkoholholdig drikk. Med daglegvareforretningar meiner vi forretningar med følgjande daglegvarer:<br><br>" Som daglegevarer reknast matvarer og andre nærings- og nytingsmidlar, dyremat, vaske- og reingjeringsmidlar, toalettartiklar, hushaldingsvarer av papir, plast, reinse- og reingjeringsmidlar, toalettartiklar, bone-, reinse- og pussemidlar. Forretninga må ha eit matvare-tilbod som er klart breiare enn dei tradisjonelle kioskar".<br><br>Salsløyve for alkoholholdig drikk gruppe 1 kan ikkje bli gitt til bensinstasjonar og kioskar etter reglane i alkoholforskrifta § 3-4. - fjerna setningar om unntak og lenke til lovdata<br><br>**Ny!** Salsløyve for alkoholhaldig drikk vert ikkje gjeve til ubemanna butikkar. Her viser ein til eige skriv frå helsedirektoratet som ligg som vedlegg til saka. |

| | |
|---|---|
| **2.2 Salsløyve for Vinmonopol**<br><br>I medhold av alkohollova §3-3 godkjenner kommunen utsalsstadar for A/S Vinmonopolet. | **2.2 Salsløyve for Vinmonopol**<br><br>Ingen endringer |
| **2.3 Skjenkeløyve**<br><br>**2.3.1 Alminneleg løyve (Alkohollova § 1-6)**<br>Alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 vert tildelt skjenkestader med liten eller ingen matservering. Dette gjeld også for hotell, selskapslokale og spisestadar.<br><br>Skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk kan bli gitt til person over 20 år eller til ei juridisk eining som må påreknast ikkje å ville misbruke løyve (Alkohollova § l-7b og c).<br><br>Alle stader med skjenkeløyve skal ved synleg plassert skilting opplyse om aldersgrensa ved staden. | **4.3 skjenkeløyve**<br><br>Ingen endringer, kun nummerering av avsnitt er endret. |

| | |
|---|---|
| 2.3.2 Einskildløyve (Alkohollova § 1-6)<br><br>Løyve til eit enkelt, bestemt arrangement som ikkje er omfatta av fast løyve kan bli gitt etter ei særskild vurdering. (alkohollova§§ l-7a b). Løyve er tids- og stadavgrensa. | 4.3.2 Einskildløyve<br><br>Løyve til eit enkelt, bestemt arrangement som ikkje er omfatta av alminneleg løyve kan bli gitt etter ei særskild vurdering (Alkohollova § l-7a-b). Løyve er tids- og stadavgrensa.<br><br>**Ny!** Det er krav om at styrar har bestått kunnskapsprøve for skjenking av alkohol for å få innvilga einskildhøve løyve ved arrangement over 250 deltakarar. Endringa er relatert til å styrke krav til kunnskapsgrunnlag for gjennomføring av større arrangement. |
| 2.3.3 Ambulerande løyve (alkohollova §4-5)<br><br>Det kan gjevast ambulerande løyve for skjenking til slutta lag. Arrangement i regi av lag og foreiningar er ikkje å rekna som slutta lag.<br><br>Det er ikkje krav om skjenkeløyve i samband med private arrangement som bryllaup , åremål, jubileum og liknande så sant det ikkje vert teke betalt for drikke og huseigar berre leiger ut lokale til arrangement (alkohollova § 4-5 ). | 4.3.3 Ambulerande løyve<br><br>Alver kommune kan tildele ambulerande skjenkeløyve til slutta lag.<br><br>- Fjernet avsnitt |

| | |
|---|---|
| **2.3.4 Vilkår for skjenking på uteareal**<br><br>•Løyvet vert gitt til eit klart avgrensa areal som er avskjerma i høve trafikk og<br><br>brannrømningsvegar.<br><br>•Det er ikkje tillatt med musikk eller underhaldning ved bruk av elektrisk<br><br>anlegg/ høgtalar på uteserveringa etter kl 2300. Musikk eller underhaldning må uansett ikkje vere slik at den er til vesentleg sjenanse ulempe for den som bur eller oppheld seg ved området uteserveringa er. Ved søknad om utviding av skjenkeareal til ein enkelt anledning kan det også innvilgast bruk av musikk og underhaldning etter kl 2300 ved større særskilde arrangement.<br>https:<br>//www.helsedirektoratet.no/veiledere/musikkanleggog•<br>helse/Musikkanlegg%20og%20helse%20 | **4.3.4 Vilkår for skjenking på uteareal**<br><br>Løyvet vert gitt til eit klart avgrensa areal som er avskjerma i høve trafikk og brannrømningsvegar.<br><br>Det er ikkje tillatt med musikk eller underhaldning ved bruk av elektrisk anlegg/ høgtalar på uteserveringa etter kl 2300. Musikk eller underhaldning må uansett ikkje vere slik at den er til vesentleg sjenanse ulempe for den som bur eller oppheld seg ved området uteserveringa er.<br><br>Ved søknad om utviding av skjenkeareal til ein enkelt anledning kan det også innvilgast bruk av musikk og underhaldning etter kl 2300 ved større særskilde arrangement.<br><br>Fjernet ugyldig lenke |
| | **Ny!**<br><br>**2.3.5 Tilverking og innførsel av alkoholhaldig drikk for skjenking i eige verksemd**<br><br>Eit ordinært skjenkeløyve kan etter søknad utvidast til å omfatta tilverking av alkoholhaldig drikk som ikkje er brennevin, eller til innførsel av slik alkoholhaldig drikk som løyvet gjelder, for skjenking i eige verksemd. Løyve som vert gitt for ein bestemd del av året eller ved einskildhøve kan ikkje utvidast til å gjelde innføring, men kan gjelda tilverking for skjenking i eiga verksemd. Kvar einskild søknad vert vurdert individuelt.<br><br>Ved løyve for tilverking vert det sett som krav at tilverkinga inngår som ein del av verksemda sin heilskaplege karakter og serveringstilbod. Det skal mellom annan leggjast vekt på lokale tradisjonar, og om tilverkinga fremmar lokal kultur og turisme. Tilverkinga skal skje ved skjenkeplassen. Utfyllande krav finns i alkohollova §§ 1-7e, 3-1 og 6-2. |

| | |
|---|---|
| **3. Gebyr**<br><br>Gebyrsats for faste sals- og skjenkeløyve, og ambulerande/einskildhøve er regulert i alkoholforskrifta 6-2.<br><br>Gebyrsats for ambulerande/einskildhøve vert fastsett av Helsedirektoratet. | **5. Gebyr**<br><br>Gebyrsats for alminnelege sals- og skjenke løyve, og ambulerande/einskild løyve er regulert i alkoholforskrifta § 6.2.<br><br>-Fjernet setning om fastsetting av gebyrsats for ambulerande her- sjå punkt 5.2 om ambulerende løyve.<br><br>**Ny! Gebyr for einskildhøve:**<br><br>Ved søknad om skjenkeløyve for einskildhøve skal det betalast eit gebyr for sakshandsaming, kontrollverksemd ol. Det skal betalast for tilskipingar der forventa tal deltakarar er frå:<br><br>a) 0-99 personar/gjestar: kr. 600<br>b) 100-250 personar/gjestar: kr. 1500<br>c) 251-500 personar/gjestar: kr. 3000<br>d) Over 500 personar/gjestar vert det krevd minstegebyr etter Alkoholforskrifta §6-2. Sjå: Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. (alkoholforskriften) - Kapittel 6. Bevillingsgebyr - Lovdata<br>e) Om det ved kontroll syner seg å vere fleire gjestar enn oppgjeven I søknad, vert det sendt justert krav etter punkt b.<br>f) Om arrangementet vert avlyst, skal det berre betalast eit gebyr på kr. 500<br><br>**NY!** Merk at endring gebyr for einskildhøve er ei prisauke for denne type løyver, no regulert utfrå storleik tal deltakarar på arrangement.<br><br>**Ny! 5.2 Gebyr for ambulerande løyve**<br>Ved søknad om ambulerande løyve er sum gebyr er lik alkoholforskrifta §6-2, og vert årleg regulert. |
| **4. Retningsliner for å avgrense eventuelle skadeverknader av skjenking av alkohol**<br><br>(Alkohollova §l-7a)<br><br>**4.1 Skjenkestadane bør ikkje liggje i eller nær skular, barnehagar og idrettsanlegg.** | **6. Retningsliner for å avgrense eventuelle skadeverknader av skjenking av alkohol**<br><br>-Fjernet lovehnvisning,<br><br>-endring om lokale og stadar:<br><br>**6.1 Særskilte lokale og område** |

| | |
|---|---|
| **4.2 Skjenkeløyve kan ikkje bli gitt til lokale eller stadar**:<br><br>a) Som er spesielt retta mot ungdom under 18 år og/ eller familiar med mindreårige. Under dette er også vanlege kafear.<br>b) Som er tiltenkt idretts- og mosjonsaktivitet eller spesielle førebyggjande tiltak for ungdom samstundes som slik aktivitet går føre seg.<br>c) I grunnskular og kombinerte anlegg for skule jf. Opplæringslova § 9-5:<br>*« I grunnskular og kombinerte anlegg for skule og andre formål må det ikkje kunne serverast alkohol eller takast med alkohol til nyting under arrangement i offentleg som privat regi. I kombinerte anlegg for skule og andre formål kan det i særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida»*<br><br>*«Særlege høve»* vert i denne samanheng definert til å gjelde: Større arrangement som går føre seg 1-2 gonger pr år. Til dømes festivalar, store jubileum og dansegalla. Lista er ikkje uttømmande.<br><br>Tvilstilfelle av *«særlege høve»* skal avgjerast i utval for levekår eller av utvalsleiar dersom tidsfaktoren tilseier det.<br><br>d) Skjenkeløyve i kommunale idrettshallar, med unntak av hallar som tilhøyrer kombinerte anlegg, vert berre gjeve til særskilte arrangement som er av ein slik storleik at dei ikkje kan arrangerast i andre utleigelokale i nærområdet. Alkohol kan heller ikkje takast med for nyting i slike anlegg.<br>e) Stader som spesielt tiltrekkjer seg støy, ordensmessige problem eller kriminalitet bør ikkje bli gitt skjenkeløyve.<br><br>8.3 Skjenkeløyve som kan brukast i opningstida i eit kjøpesenter/butikksenter, må vera i eige skjema lokale.<br><br>4.4 Båtar/skip kan bli tildelt skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1- 3. | **6.1.1 Lokale med aktivitet retta mot barn og unge, samt arbeidsplassar**<br><br>For å avgrense tilgjenge på alkohol på arbeidsplassar og skape gode og alkoholfrie opphaldsareal/soner på stader der barn og unge ofte oppheld seg, vil følgjande stader ikkje få tildelt fast skjenkeløyve i Alver kommune:<br><br>a. Grunnskulebygg og kombinerte anlegg.<br>b. Idrettshallar og idrettsanlegg<br>c. Kantiner på arbeidsplassar<br>d. Andre lokale der aktivitetar for barn og unge utgjer ein større del av tilbodet<br><br>For punkt a) gjeld Opplæringslova §9-5: *« I grunnskular og kombinerte anlegg for skule og andre formål må det ikkje kunne serverast alkohol eller takast med alkohol til nyting under arrangement i offentleg som privat regi. I kombinerte anlegg for skule og andre formål kan det i særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida»*<br><br>*«Særlege høve»* vert i denne samanheng definert til å gjelde: Større arrangement som går føre seg 1-2 gonger pr år. Til dømes festivalar, store jubileum og dansegalla. Lista er ikkje uttømmande.<br><br>Tvilstilfelle av *«særlege høve»* skal avgjerast i utval for levekår eller av utvalsleiar dersom tidsfaktoren tilseier det.<br><br>For punkta b) til d) kan det etter ei konkret heilskapsvurdering bli gjeve enkeltløyve for alkoholgruppe 1 og 2.<br><br>**6.1.2 Særskilte område**<br>Stader som spesielt tiltrekkjer seg støy, ordensmessige problem eller kriminalitet vil som hovudregel ikkje bli gitt skjenkeløyve.<br><br>**6.2 Kjøpesenter/butikksenter**<br>Ved arrangement som skal haldast i opningstida i eit kjøpesenter/ butikksenter og kor ein skal nytte skjenkeløyve stilles det krav om at arrangementet skal vera i eige skjerma lokale. |

| | |
|---|---|
| | **6.3 Båt/skip**<br>Båtar/skip kan bli tildelt skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1- 3. |
| **5. Serveringsløyve**<br><br>Lov av 13.juni 1997 nr. 55 om serveringsvirksomhet §15 https://lovdata.no/ dokument/NL/lov/1997-06-13-55<br><br>Som hovudregel må ein ha serveringsløyve for å utøve skjenkeløyve. Vedtak på søknader om serveringsløyve vert delegert til rådmannen. | **7. Serveringsløyve**<br><br>Ein legg til grunn Lov om serveringsvirksomhet (serveringsloven) - Lovdata<br><br>Som hovudregel må ein ha serveringsløyve for å utøve skjenkeløyve. Vedtak på søknader om serveringsløyve er delegert til kommunedirektøren. |
| **DEL II - Retningsliner for behandling av alkoholsaker** | **8. Retningsliner for behandling av alkoholsaker**<br><br>**Nytt avsnitt!**<br><br>**8.1 Handsaming av søknad**<br>Prosessen ved søknad om kommunalt løyve kan variera noko med kva slags løyve det blir søkt om. I tillegg vil prosessen variera noko fordi kvar søknad blir behandla individuelt. Ei typisk søknadsbehandling vil likevel kunna innehalda følgjande element:<br><br>1. Søknad<br>2. Innhenting av utsegner, jf. Alkohollova § 1-7<br>    a. Obligatoriske utsegner: Politiet, sosialtenesta, evt. militære øvingsavdelingar<br>    b. Ikkje-obligatoriske utsegner: Skatte- og avgiftsstyresmaktene<br>3. Vandelsvurdering, jf. Alkohollova § 1-7b<br>    a. Kva personar må tilfredsstilla vandelskrava? |

| | |
|---|---|
| | b. Innhenting av opplysningar/utsegner om desse<br>c. Har dei ansvarlege forbrote seg mot relevant lovgiving?<br>4. Skjønnsmessig avgjerd med eit breitt spekter av omsyn, jf. Alkohollova § 1-7a<br>5. Nærmere fastsetjing av sals- eller skjenkjetider, vilkår osv. i løyvet<br>6. Gebyr – utsending av faktura |
| **Vilkår for løyve**<br><br>**Følgjande dokumentasjon må vera motteken før løyve kan takast i bruk:**<br><br>1. Kopi av bruksløyve frå bygningsmyndigheitene.<br>2. Kvittering frå Altinn på at oppstartskjema er innsendt til Mattilsynet.<br>3. Bevillingsgebyr må vere betalt.<br>4. Styrar og stedfortredar må dokumentere bestått kunnskapsprøve. https://<br>lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-06-08-538#KAPITTEL 5<br>5. Dokumentasjon på at alle tilsette er registrert i arbeidstakarregisteret så snart som mogeleg og seinast innan ein månad frå oppstart. | **Vilkår for alminneleg løyve**<br><br>Følgjande dokumentasjon må vera motteken før løyve kan takast i bruk:<br><br>1. Kopi av bruksløyve frå bygningsmyndigheitene.<br>2. Kvittering frå Altinn på at oppstartskjema er innsendt til Mattilsynet.<br>3. Bevillingsgebyr må vere betalt.<br>4. Styrar og stedfortredar må dokumentere bestått kunnskapsprøve, sjå lenke<br>Kunnskapsprøve i alkoholloven - Helsedirektoratet<br>5. Dokumentasjon på at alle tilsette er registrert i arbeidstakarregisteret så snart som mogeleg og seinast innan ein månad frå oppstart. |

| | |
|---|---|
| **Kontroll av sals- og skjenkestader**<br><br>Det er kommunen sitt ansvar å kontrollera kommunale sals- og skjenkeløyve (alkohollova § 1- 9) | **8.3 Kontroll med kommunale sals- og skjenkeløyve**<br><br>Det er kommunen sitt ansvar å kontrollera kommunale sals- og skjenkeløyve jf. alkohollova § 1- 9.<br><br>**Nytt avsnitt!** Kontrollar vert utført i samsvar med gjeldande reglar i alkohollova med forskrifter, og dessutan alkoholpolitiske plan med forskrift for Alver kommune. |
| **Reaksjonar ved brot på alkohollova**<br><br>Ved brot på alkohollova og alkoholforskrifta gjeld forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk kapittel 10. Alkoholforskrifta § 10-1 til § 10-6 inneheld eit system for prikktildeling ved brot på løyvehavars alkoholrettslege plikter.<br><br>https://lovdata.no/dokumentISF/forskrift /2005-06-08-538# KAPITTEL 10<br><br>Denne ordninga er obligatorisk og kommunen er pliktig til å følgje krava i forskrifta.<br><br>Dersom det ved kontrollar eller politirapport vert rapportert alvorlege brot på alkohollova, har kommunen løyve til å inndra kommunalt sals- og skjenkeløyve for kortare eller lengre tidsrom.<br><br>Inndraging av sals- og skjenkeløyve er heimla i Alkohollova §1-8. | **8.4 Ved brot på alkoholregelverket**<br><br>Ved dokumentert brot på alkoholregelverket jamfør Alkoholforskrifta §10-3 skal kommunen tildele løyvehavar eit bestemt antal prikkar. Alkoholforskrifta §10-1 til §10-6 inneheld eit system for prikktildeling ved brot på løyvehavars alkoholrettslege plikter.<br><br>-fjernet setning om obligatorisk ordning<br><br>Dersom det ved kontrollar eller politirapport vert rapportert alvorlege brot på alkohollova, har kommunen løyve til å inndra kommunalt sals- og skjenkeløyve for kortare eller lengre tidsrom. Inndraging av sals- og skjenkeløyve er heimla i Alkohollova §1-8.<br><br>**NY!** Tildeling av prikkar samt inndraging av sals- og skjenkeløyve er eit enkeltvedtak jamfør Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova)<br><br>Kommunen sine enkeltvedtak kan påklagast til statsforvaltaren jamfør Alkohollova §1-16. |

| | |
|---|---|
| **Del III - Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Alver kommune**<br><br>Vedteken av kommunestyret i møte 25.06.2020. Endra 06.05.21 sak 053/21kommunestyret.<br><br>Fastsett med heimel i lov av 2.juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholholdig drikk mv. § 3-7 og § 4-4.<br><br>**Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk:**<br><br>• Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 på kvardagar kan skje frå klokka 09.00 til klokka 20.00.<br>• Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 på dagar før søn- og heilagdagar kan skje frå klokka 09.00 til klokka 18.00. Dette gjeld ikkje dagen før Kristi Himmelfartsdag. Påske-, pinse- og nyttårsaftan er salstida til klokka 16.00.<br>• Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal ikkje skje på søn- og heilagdagar, 1. mai, 17. mai og julaftan.<br><br>**Alminnelege skjenketider:**<br><br>Skjenketida for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 er alle dagar frå kl. 08.00 til kl. 02.00 med følgjande unnatak:<br><br>• Søn- og heilagdagar startar skjenking frå klokka 12.00.<br>• Skjenketida for alkoholhaldig drikk gruppe 3 er frå klokka 13.00 til klokka 01.00 alle dagar.<br><br>**Opningstider:**<br><br>Opningstid er ein halv time lengre enn skjenketida. Konsum av utskjenka alkohol skal avsluttast seinast ein halv time etter skjenketidas slutt. | 9. **Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Alver kommune**<br><br>Ingen endring – dato for vedtak vil bli endret etter vedtak i kommunestyre. |